

# TILSKOTSREGLEMENT FOR BUSTADBYGGING, SNØRYDDING, VATN OG AVLØP



# 1. TILSKOT TIL BUSTADBYGGING

- 1.1. Målsetting med dette regelverket er å skape tilflytting, ny bygging og aktivitet i kommunen.
- 1.2. Åseral kommune yter tilskot til privatpersonar som byggjer hus for seg sjølv og sjølv bur i bustaden. Øvre aldersgrense for søkjar er 35 år. Det blir ikkje gitt tilskot til nokon form for fritidsbustader eller bustader som i realiteten nyttast som dette. Det blir heller ikkje gitt tilskot i tilfelle der det vil virke urimeleg å gi dette, for eksempel i forsikringsaker som oppbygging av hus etter brann.
- 1.3
  - a) Til nye bustader der kommunen ikkje kan levere offentleg vatn og avløp blir det gitt tilskot på kr 300 000.
  - b) Til nye bustader der kommunen kan levere offentleg vatn og avløp blir det gitt tilskot på kr 150 000.
- 1.4. Til einebustad med leilegheit blir det i tillegg gitt kr 100 000,- i tilskot per ekstra godkjente leilegheit.
- 1.5. For pkt. 1.3-1.4 gjeld at same person kan få tilskot berre ein gong.
- 1.6. Tilskot etter pkt. 1.3-1.4 blir betalt ut når det ligg føre ferdigattest på bustaden samt vatn- og kloakkanlegget. Ferdigattest må ligge føre seinast 3 år etter at tilsegn om tilskot blei gitt. Søkjer er sjølv ansvarleg for å sende inn ferdigattest innan denne fristen. Dersom ferdigattest ikkje ligg føre innan fristen, fell tilsegna automatisk bort. Ein presiserer at mellombels bruksløyve ikkje gjev grunnlag for utbetaling av tilskot. Søkjar må på tidspunktet for utbetaling av tilskotet stå i folkeregisteret for Åseral kommune på bustaden som har fått tilskot.
- 1.7. Tilsegn om tilskot blir gitt etter skriftleg søknad til Åseral kommune. Tilsegn står ved lag i 3 år. Før det blir gitt tilsegn til tilskot må byggesøknad for bustadhuset vere godkjent.
- 1.8. Søkjar er sjølv ansvarleg for å sende inn oppmoding om utbetaling.



- 1.9. Alle tilskot blir gitt som rente- og avdragsfritt lån. Det blir avskreven over 10 år med 1/10 kvart år. Dersom bustaden blir selt eller frå flytta før 10 år, skal den del av tilskotet som ikkje er avskreven, utan oppmoding betalast attende til Åseral kommune.
- 1.10. Tilskotet blir tinglyst som ordinært pantelån på bustaden. Søkjar betaler gebyret for tinglysinga. Dette kjem til frådrag ved utbetalinga av tilskotet.
- 1.11. Søknader om tilskot blir handsama av kommunaldirektøren. Avgjerda er ikkje eit enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2.

## 2. TILSKOT TIL PRIVATE VASS- OG KLOAKKANLEGG

- 2.1. Åseral kommune gir tilskot til nye anlegg for vatn og kloakk for eksisterande spreidd fast busetnad der kommunen ikkje kan levere vatn og avløp, med kr. 50 000 for vatn og kr. 50 000 for kloakk. Dersom det ligg off. vatn og kloakkleidningar i nærleiken, skal desse nyttast. Ordninga gjeld ikkje for nokon form for fritidsbustader eller i andre tilfelle der det vil virke urimeleg å gi tilskot. Ved fellesanlegg for fleire hus gis tilskotet per hus med fast busetnad. Det gis ikkje tilskot etter pkt. 2 dersom det er innvilga tilskot etter pkt. 1 for same bustad.
- 2.2. Tilskotet blir betalt ut når det ligg føre ferdigattest for vatn- og kloakkanlegget. Ferdigattest må ligg føre seinast 3 år etter at tilsegn om tilskot blei gitt. Søker er sjølv ansvarleg for at det vert sendt inn ferdigattest innan denne fristen. Dersom ferdigattest ikkje ligg føre innan fristen faller tilsegna automatisk bort. Søkjar må på tidspunktet for utbetaling av tilskotet stå i folkeregisteret for Åseral kommune på eigedommen som har fått tilskot.
- 2.3. Tilsegn om tilskot blir gitt etter skriftleg søknad til Åseral kommune. Tilsegn står ved lag i 3 år. Før det blir gitt tilsegn til tilskot må bygge- og utsleppssøknad for anlegget vere godkjent.
- 2.4. Søkjar er sjølv ansvarleg for å sende inn oppmoding om utbetaling.



- 2.5. Søknader om tilskot blir handsama av kommunaldirektøren. Avgjerda er ikkje eit enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2.

### 3. SNØRYDDING AV PRIVATE VEGAR

- 3.1. Kommunen kan etter søknad rydde snø på private vegar til bustadhus med fast busetnad, jf. gebyrregulativ for Åseral kommune.
- 3.2. Reglane gjeld for vegar som har ei lengde på 75 m eller meir.
- 3.3. Det må vere semje blant alle oppsittarar langs vegen. Alle oppsittarane langs vegen må søke og alle må betale ei årleg avgift. Søknad skal sendast på fastsett skjema frå kommunen.
- 3.4. Oppsittarane langs vegen må sjølv syta for oppsetting av brøytetikker.
- 3.5. Snuplass utover plass for vanleg snuing med personbil, må oppsittarane rydde sjølv.
- 3.6. Eventuell skade og ulempe som snø ryddinga måtte føre med seg, er kommunen uvedkomande.
- 3.7. Søknader om tilskot blir handsama av kommunaldirektøren. Avgjerda er ikkje eit enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2.

